NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.11.2026
Vår ref.: 202603617-7 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Høyring av konsesjonssøknad om ny 22 kV produksjonslinje til Bjølsegrø dammar ved Ytre Årvik

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad for etablering av 22 kV straumforsyning til rehabilitering og drift av Bjølsegrø dam i Kvam herad i Vestland fylke.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/26241/A.

Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 11. desember

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønsker vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader. Høyringspartar kan sende fråsegn på ein av følgande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202603617 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Om fråsegna er lange, oppfordrar NVE høyringspartane til å sjølv skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett.

Søknaden

Statkraft søkte den 8. juli 2026 om konsesjon i medhald av energilova til tre nye nettstasjonar (to i tunnel og ein i dagen ved Langhamrane) og etablering av 22 kV kraftleidning frå områdekonsesjonærens tilkoplingspunkt til Bjølsegrø Dam (NVE-ref. 202603617-3). Leidningen skal byggast som luftleidning frå områdekonsesjonærs nettstasjon ved Damvegen til Langhamaren, der leidningen skal leggast som jordkabel i tunnel fram til Bjølsegrø Dam. Vedlagde kart viser tiltakets plassering.



Figur 1: Vedlegg 2a viser øvste/nordlegaste del av den omsøkte jordkabelen. Kjelde: Statkrafts søknad av 8. juli 2026.



Figur 2: Vedlegg 2b viser nedste del av den omsøkte jordkabelen og øvste del av den omsøkte luftleidningen. Kjelde: Statkrafts søknad av 8. juli 2026.



Figur 3: Vedlegg 2c viser heile den omsøkte luftleidningen. Kjelde: Statkrafts søknad av 8. juli 2026.

Spørsmål om saka?

Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE v/ Jonas Mathisen, tlf. 22959158 eller e-post jonm@nve.no. Spørsmål om planane kan de rette til Statkraft v/ Olav Eirik Børve, tlf. 95919059 eller e-post olaveirik.borve@statkraft.com

Med helsing

Tor Carlsen
fagleiar

Jonas Mathisen
sakshandsamar

Mottakarliste:
STATNETT SF
BKK AS
KVAM HERAD
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
HARINGNETT AS

Kopimottakarliste: